



Norsk Kulturminnefond

Sluttrapporteringskjema

1. Prosjektnavn

Prosjektnr.

Gamlaløa på Frette			160447
Adresse	Flåtevegen 9, Frette	Gnr/bnr	63/ 2
Kommune	Etne	Fylke	Hordaland

2. Søker

Navn	Randi Frette (og Oddbjørn Sande)
Adresse	Flåtevegen 9, Frette
Postnr./sted	5590 Etne

3. Arbeidet ble utført av (arbeidsansvarlig)

Søker	X	
Eier	X	Navn, adresse
Frivillige	X	Reinert Frette, Håkon og Siri Sande Frette (alle adr. Frette), Magnus Rød (Sauda)
Arkitekt		
Handverker	X	Kåre Grønstad (Haukelivegen 1118, 5590 Etne), Knut Hamre (Fitje, 5590 Etne)
Andre	X	Brødrene Mæland Bygg og Betong AS (Etne), Martek Elektro AS (Etne)

4. Egenvurdering av prosjektets faglige resultater og gjennomføring

For oss var det viktig at arbeidet med Gamlaløa vart utført med kjærleik og respekt for bygningen!

Arbeidet tok til (litt forseinka pga. sjukdom/ skade) i oktober 2016. Det var ferdig i august 2018 (inkl. maling av vindauga). Istandsetjinga vart gjort nokolunde i tråd med planen – sjølv om einiskilde problemstillingar kom til etter kvart. Me har så langt det er råd beholdt mest mogeleg av det gamle, og skifta ut berre det som var heilt nødvendig. Det vart brukt lokale og tradisjonelle materiale i størst mogeleg grad. For å behalda mest mogeleg av den opphavlege grindkonstruksjonen, har me teke i bruk ein del skjulte skruar og «bulldoggar» for å forsterka konstruksjonen og halda den betre saman. Men dei synlege detaljane har me vore nøye på at skal sjå mest mogeleg tidsriktige ut, slik som spesialbestilt både klippspiker, dørhengsler, hjørnejem til vindauga (med ein-spora skruar), spesiallaga vindauga etter gamal modell (med linoljekitt), og heimelaga dørhandtak (sidan dei me fann på nett var for flotte for ei vestlandsløe). Dette arbeidet vart gjort:

Teke ned hedletak. Reparert og forsterka tak- og grindkonstruksjon. Støypt fundament og lagt «svettastein» til stavane. Forsterka hengeskutane (brukt tømmer i staden for reisverk, pga. behov for berestyrke til skifertak). Lagt sutak av heime-skore material, lagt takpapp. Restaurering/ rekonstruksjon av vindauga. Støypt ny låvebru og delvis nye vangar. Lagt opp att rastahedler på hovudbygget, lagt dråpeskifer på hengeskutane. Laga dører etter gamal modell. Drenert rundt løa, laga avløp, justert terrengnivå ute. Heva golvnivå og støypt golv inne (tidlegare jordgolv. Når det regna, rann det vatn inn, som vart ståande i ein stor dam.) Me prioriterte dette framfor å vøla golvet oppe no, då det er særst viktig at bygget står tørt. Golvet oppe vil me ta i nær framtid. Kledninga var i svært dårleg stand, den vart difor skifta i sin heilhet. Denne vart beisa grå, for å sjå ut som ubehandla, gråna kledning. Vindauga vart malte med linoljemaling. (Sjå vedlagte utfyllande rapport!)

5. Faglig kvalifisert kontroll av prosjektet ble utført av

Navn/tittel/adresse/telefon

Egenerklæring	Randi Frette (eigar og søkjar) Tlf. 53754447 / mob. 90892885 (Sjå vedlagt rapport).
Privat fagperson	Knut Hamre (som laga/ restaurerte vindauga) (tlf. 53756328), Kåre Grønstad, snekker (mob. 97076490). Begge svært rutinerte på istandsetjing av gamle bygningar.
Konsulentfirma	
Kommunalt ansatt fagmann	
Antikvarisk myndighet	

Annen	
-------	--

6. Avsluttet regnskap

A. Kostnader	Godkjent budsjett	Regnskap		
		Sats	Timer	
Egeninnsats	157000	200,00	1399,5	279900
Dugnad andre	60000	200,00	61,5	12300
Sum dugnad	217000			292200
Egne materialer/maskiner	70405			121025
Materialkostnader	186479			227865
Direkte lønnsutgifter (inkl. sos. utg.)				
Firma		Eljarvik sag (saga kledning)		7500
Kåre Grønstad (snekker)	669438	Kåre Grønstad (snekker)		464781
		Knut Hamre (vindauge)		18090
		Brødrene Mæland (betongarb.)		23625
		Martek elektro AS		4794
Sum kjøp/leie av tjenester	669438			519865
Fraktkostnader		Transport av singel		1075
Diverse kostnader		Direkte maskinkostnader		15696
Totale kostnader	1143322			1176651

Alle utgifter inkl. moms

B. Finansiering	Godkjent budsjett	Regnskap		
		Sats	Timer	
Egeninnsats	157000	200,-	1399,5	279900
Frivilling innsats	60000	200,-	61,5	12300
Sum dugnad	217000			292200
Verdi av egne materialer	70405			121025
Egne midler	55917	Egne midlar, bruk av arv + flexilån		339526
Lån (långiver)				
Sum egenkapital	55917			339526
Sum Private tilskudd	0			0
Kommune	0			0
SMIL (omsøkt):	200000		Tilsagn:	98900
Fylkeskommune (omsøkt):	300000		Tilsagn:	25000
Andre offentlige bidragsytere	0			0
Sum offentlige tilskudd	500000			123900
Tilskudd fra Norsk Kulturminnefond	300000			300000
Totalfinansiering	1143322			1176651

7. Regnskap og revisjon utført av

Navn	Randi Frette (Rekneskap). Grindheim rekneskap v/ Åge Grindheim (Revisjon)
Adresse	Grindheim, 5590 Etne
Stilling	Autorisert rekneskapsfører.

8. Forklaring til regnskapet. Innsparinger/avvik i forhold til søknaden.

Eigeninnsatsen vart større enn berekna, på grunn av at me leigde og hadde ståande eit mobilt sagbruk, der me saga alt tømmer til konstruksjonar, sutaksmaterial, lekter og reker sjølve.
Tømmer brukt til grindverk og taksperer vart borka og hogge til med øks etter skjering, for å bli mest mogeleg likt det gamle. Dette vart også gjort som eigeninnsats, og var eit tidkrevjande arbeid.
Innleigd hjelp vart noko billegare enn berekna. Dette fordi Oddbjørn jobba saman med snekkeren på store delar av jobben. Det var mykje tungt arbeid, og då var det best å vera to. Det var også godt å ha Oddbjørn der med gravemaskina, - den kom vel med til tunge løft, opprettingsarbeid mm.
Materialkostnaden vart større enn berekna. Me hadde til dømes ikkje teke høgde for at spesialspiker, spesialhengsler mm er dyrare enn dei du får i ein vanleg byggevarebutikk. Kostnaden på vindauga hadde me også gløymt då me rekna på budsjettet.
Det var eit stort prosjekt, men alt i alt vil me seie at me traff godt på kostnaden i høve til budsjettet.
Avviket vart på 33.329 kr (høgare enn budsjettet).

9. Vedlegg

nummerering

Vurdering fra faglig antikvarisk myndighet	
Revisjonsberetning	3
Fotodokumentasjon	1
Detaljert beskrivelse av utført arbeid	1
Rapport fra utførende eller konsulenter	
Annet	Rekneskap, inkl. timelister mm
	2

10. Underskrift

28/8-18, Etne Randi Frette

Dato, sted

Underskrift